

Alver kommune v/Tone Furustøl
Postboks 4,
5906 Frekhaug

Referanse: 21/9389 – 23/35231

Vedrørende klage på løyve om bygging av landbruksveg gbnr 178/2 Kjenes -«Nystølen»

1. Innledning

Seim Skyttarlag har levert klage på vedtak gjort av Alver kommune 05.12.22 om å gi Rune Fanebust løyve til å byggje landbruksveg fram til «Nystølen», gbnr 178/2. Eg mottok klagen 05.05.23 med kort svarfrist 16.05.23.

2. Kvifor treng vi veg

- a) Nystølen har vore i familiens eige sidan 1845. Bygningane og innmark er i dårleg stand og treng vedlikehald. Det er endå ikkje bestemt korleis Nystølen skal bli, men familien har eit langsiktig perspektiv. Ein landbruksveg er nødvendig for å kunna ta vare på kulturarven.
- b) I 2022 har AT Skog i samarbeid med Alver kommune utarbeidd skogbruksplan for Nystølen. Denne viser at det er mykje skog som er hogstmoden. Dette gjeld også for andre grunneigarar som vil ha nytte av vegen for uttak av skog og ved.

3. Kvar kan vegen gå

Det er to alternativ:

- a) Det første er å forlengje eksisterande skogsveg fram til Nystølen slik det er gitt løyve til av Alver kommune.
- b) Det andre er veg forbi gbnr 178/3 og vidare til Nystølen. Dette alternativet er forkasta etter synfaring 14.07.22 fordi det «*vil vere inngripande på innmarka til bnr 3*» og «*lange og dels intakte steingardar vil verte råka av vegframføring*».

4. Forhold til grunneigarar

- a) Eksisterande landbruksveg blei laga av grunneigarar då skytebane blei laga og vegen frå Rv 57 og forbi skytebane er ein del av denne vegen. Vi ser at det ikkje er ideelt å ha veg gjennom eit skytefelt - men:
- b) Vegen går alt gjennom skytebane og vi kjem til å innretta bruk etter avtale med grunneigarar inklusiv Seim Skyttarlag. Reglar for ferdsel i området rundt skytebane vil sjølvstøtt bli respektert.
- c) Det er periodar på dagar og månader at det ikkje er skyting. Det er naturleg å leggje transport av material og utstyr til desse tidspunkta.
- d) Seim Skyttarlag uroar seg for at det skal bli «mykje større trafikk» i området dersom min familie får adgang til Nystølen via eksisterande skogsvei. Dette er ein påstand som må stå for skytterlaget si rekning Sidan vegen frå RV 57 og forbi skytebane vil vere uendra.

Konklusjon

Seim Skyttarlag fekk etablert skytebane og anlegg i Kjevikdalen etter velvilje og samarbeid med grunneigarane i området. Me har også møtt stor velvilje frå grunneigarane på spørsmål om å få utbetre og nytta eksisterande skogsveg. All sameksistens krev partar som finn løysingar slik det står i kommentar frå statsforvaltaren i Vestland: *«Vi vil likevel peike på at bruken av vegen til uttak av skog og vedlikehald av bygningar på gnr. 178, bnr. 2, og aktiviteten til skyttarlaget, burde kunne klare å tilpasse seg kvarandre slik som for eksisterande skogsvegar i området».*

Sidan vi og er grunneigarar i området med ein omlag 200 år gammal veglaus gard, Nystølen, ber vi kommunen om å oppretthalde sitt vedtak frå 05.12.22 som gjev Rune Fanebust «løyve til å byggje omsøkt landbruksveg på gnr.178, bnr. 2 Nystølen i Alver Kommune»

Med venleg helsing

Hans Rune Fanebust